



Terje Foss
Tømmervika 1
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/685 - 19/16703

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
27.05.2019

Anmodning om klypp av hekk og buskvekstar langs kommunal veg - Tømmervika 1

Lindås kommune har motteke uromeldingar vedkomande sikt i kommunalt vegkryss mellom Alvermarka og Tømmervika. Under synfaring har vi registrert at vegetasjon på Dykkar eigedom er til hinder for frisikt i kommunalt vegkryss.

Vegetasjon i frisiktsoner skal ikkje være høgare enn 0,5 meter over kommunalt vegnivå. Grunneigar er ansvarleg for at vegetasjonen på sin eigedom ikkje er til hinder for frisikt i vegkryss og i avkjørsler. Lindås kommune anmoder Dykk om å utføre klypp av vegetasjon slik at denne ikkje er til hinder for frisikt og trafikken i kommunevegen. Kommunen kan, i enkeltvedtak, pålegge den einskilde grunneigar om å utføre klypp av vegetasjon langs offentleg veg. Det vert i vedtaket sett ei frist for utføring av arbeidet. Dersom arbeid ikkje er utført innan fristens utløp, kan kommunen få arbeidet utført. Kommunen nyttar maskinelt utstyr som gir eit nokså grovt resultat. Resultatet vert betre dersom De utfører arbeidet sjølv. Dersom kommunen står for utføring av klypp vil fjerning av avfall tilfalle grunneigar.

Vi gjer Dykk merksam på at i tilfeller der vegetasjon utgjer ei risikofare for trafikken, kan kommunen få utført arbeid utan ytterligare varsel.

Beplantning på tomter iht reguleringsplan:

I reguleringsplan for Alversund utmark er det regulert inn byggegrense mot veg. Byggegrensa har som føremål om å ta vare på dei krava ein må ha til vegsystemet og til trafikken langs denne. I reguleringsføresegn § 22 er det fastsett at tomtane ikkje skal beplantast slik at vegetasjon fører til ulempe for naboer eller for ferdsl i veg.

Krav til frisikt iht veglova:

Krav til frisikt i offentlege vegkryss og i privat avkjørsle frå offentleg veg er fastsett av vegdirektoratet i veglova med tilhøyrande regelverk.

Meir informasjon om hekk og trafikktryggleik finn du på kommunen sin heimeside.

<http://www.lindas.kommune.no/hekk-og-trafikktryggleik.400220.nn.html>





Bileta viser vegetasjon i vegkryss Alvermarka – Tømmervika.

Førehandsvarsel:

Teknisk drift anser dette brev som eit førehandsvarsel om muleg pålegg om klypp av vegetasjon langs kommunal veg. Førehandsvarsel er gitt iht forvaltningslova § 16.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved vegdrift

Mottakarar:

Terje Foss

Tømmervika 1

5911

ALVERSUND